



Ordfører Peder Sjo Slettebø saman med adm. dir. Hans Petter Selstad.

SELSTAD AS har sidan 1955 levert produkt til marine og maritime næringar. På den offisielle opninga i dag kom det klart fram at selskapet satsar på Uskedalen med si etablering av servicestasjonen på Børneset. Det føreligg ein leigeavtale på 10 år med høve for forlenging og selskapet har kjøpt seg inn i eigedomsselskapet Eidsvik Eigedom. Selstad og Eidsvik vil saman utvida og utvikla industriområde.

Ordfører Peder Sjo Slettebø helsa Selstad velkomen til Kvinnherad. Han gler seg over etableringa i Uskedalen. Kommunen vil gjera alt for å leggja til rette for vekst og utvikling. Havbruk er ei vekstnæring og Kvinnherad treng kompetansearbeidsplassar innan fiskeri- og havbruk.



[Børre O. Waagan og Egil Pile](#) syner fram det store og velutrusta lageret for levering av utstyr til maritime næringar.

Hans Petter Selstad er direktør for den 65 år gamle familieverksemda med totalt 140 tilsette. Han hadde med seg fire sentrale personar frå leiinga i Måløy til Uskedalen. Selstad er godt nøgd med etableringa i Uskedalen. Uskedalen ligg strategisk og sentralt til og kan tilby gode tenester for oppdrettsnæringa i Hardanger og Sunnhordland, ja for heile Hordaland. Selstad er familieeigd og forankra på kysten med heile 10 lokasjonar.

Svein Arne Eidsvik i Eidsvik Eigedom takka for godt samarbeid og ser fram til vidare vekst og utvikling. Eidsvik Eigedom disponerer eit område på 22 dekar til sjø. Deler av arealet ligg ubrukt i dag. Selskapet vil bruka område til utvida aktivitet. Den fyrste kontakten med Selstad var i november 2016. Alt i februar 2017 var avtalen på plass. 1. september same året vart alt på plass og verksemda var klar for produksjon.

Oppdrettsnæringa og leverandørane var med på opninga. Av dei var Marine Harvest, Lerøy Sjøtroll og Bremnes Seashore. Verksemda NetKem AS frå Oslo er leverandør av all impregnering. Firma har også levert vaskemaskinsutstyret. Dagleg leiar i NetKem AS, Rune Andersen, sa fram helsing og hadde med Hjartestartar til Selstad, Uskedalen.

Driftsleiar, Egil Pile, hadde ei sentral rolle på markeringa med omvisning og orientering. Selstad, avd. Uskedalen har 9 tilsette, eit gunstig tal i høve til utstyr, som skal handterast, og arbeidsmengd.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Leverandøren NetKem AS hadde med hjertestarter i gåve til verksemda i Uskedalen.